

DEN NORSKE KYRKJA YTRE ARNA SOKNERÅD

SÆRUTSKRIFT

Vår ref.
18/173-1/YTREBEVE

Deres ref.

Dato:
21.03.2018

FRÅ MØTEPROTOKOLLEN
Ytre Arna sokneråd møte 20. mars 2018

Sak 35/18
Høyring «Justering av hovedgudstenesta»

Forslag til vedtak:

Høyringsuttale frå Ytre Arna sokneråd om Justering av hovudgudstenesta og allmenne føresegner.

Soknerådet har ingen kommentarar til høyringstema 1, 2, 5 og 7.

Høyringstema 3: Justeringar i hovuddel I. Samling ledd 1-8

Ledd 3 helsing: Den noverande ordninga med at kyrkjelyden set seg før

inngangsorda/helsinga, har ikkje skapt vanskar. Det er difor ikkje naudsynleg eller ynskjeleg å gå over til at kyrkjelyden skal stå under inngangsord/helsing, slik høyringsnotatet føreslår.

Ledd 4 samlingsbøn: Soknerådet ynskjer at samlingsbøna framleis skal vera obligatorisk.

Ledd 5 Syndvedkjenning:

- I Ytre Arna har me ofte brukt syndvedkjenning nr. 6 og ynskjer gjerne å ha høve til det framleis.
- Viss den nye bøna som er føreslegen, skal koma inn som eit alternativ, bør andre linja endrast. Setninga er sjølvstendig rett om ein ser menneskeslekta kollektivt under syndefallet. Men for menneske som har levd med Gud frå dåpen, eller som seinare har vend seg til han, vert det merkeleg sundag etter sundag å seia: «Vi har vendt oss bort frå deg.»

Dagens bøn var jo eit fast ledd tidlegare, og soknerådet har ikkje innvendingar til at det vert obligatorisk igjen.

Høyrings spørsmål 4: Har de endringsforslag eller kommentarar til hovuddel II. Ordet?

Høyringsnotatet føreslår at bønemandring ikkje kan vera ein del av nattverddelen, men skal avsluttast med ei felles bøn før nattverdilturgien startar. Ideen er god. Men i praksis vil det gjera gudstenesta så lang at det vil verta vanskeleg å ha bønemandring og nattverd i same gudstenesta.

Høyringstema 6: Justeringar i dei einskilde nattverdbønene

Den forma epiklesen (bøna om at Anden må koma over brødet og vinen) har fått, kan opplevast som ei svekking av Jesu lovnad. Jesus seier: «Dette er min kropp som blir gjeven for dykk ... dette er mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne». Då verkar ei bøn om Guds Ande over desse elementa forvirrande. Her bør teologi og pedagogikk gå føre økumeniske omsyn.

Når framlegga i høyringsnotatet elles har teke så sterke økumeniske omsyn, er det merkeleg at setninga: «Gud vere takk for kjærleiken som er sterkare enn døden» vert eit obligatorisk

påheng på det felleskristelige «Mysteriet i trua er stort. Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.» Dette leddet står svært støtt på egne føter og bør få lov å lyda åleine. Det enklaste er ofte det beste.

Votering:

Forlaget var vedteke samrøystes

Bergen 21.03.2018

Rett utskrift

Benthe Vevle

Benthe Vevle

administrasjonsleder

Direkte tlf: 55 36 22 73